



Sunnfjord
kommune

Årsplan 2024–2027

Slåttebakkane barnehage



Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen	4
Om barnehagen	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	5
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	6
Fagområder frå rammeplanen til barnehage.....	6
Medverknad.....	6
Barn.....	7
Foreldresamarbeid	7
Tidleg innsats	8
Overgangar.....	8
Når barnet startar i barnehagen	8
Overgangar i barnehagen	8
Overgang mellom barnehage og skule.....	8
Samarbeid	9
Samarbeid internt i barnehagen	9
Samarbeid med eksterne instansar.....	10
Vurdering	11
Hendingar og markeringar i barnehagen	11

Einingsleiar har ordet

Velkommen til Slåttebakkane barnehage sin årsplan.

Barnehagar er pålagt gjennom Barnehagelova og Rammeplanen å utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov.



Årsplanen er et arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og skal dokumentere og grunngje barnehagens val. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetene, barnehagen sine samarbeidspartar og andre interesserte.

I tillegg til årsplanen, har Slåttebakkane barnehage andre dokument og planar som gir informasjon om rutinar og korleis vi jobbar i barnehagen. Dei fleste planane er tilgjengelege på heimesida til barnehagen.

Desse planane er :

- Aktivitetsplan
- Progresjonsplan
- Beredskapsplanar
- Årshjul (arbeidsdokument for dei tilsette, ikkje tilgjengeleg på nettet)

Årsplanen gjeld for fire år, men blir revidert årleg.

Gudbjørg Gunnarsdottir Kleppe

Einingsleiar

Slåttebakkane barnehage



Visjon for barnehagen

Her høyrer alle til! - Saman skapar vi tryggleik, glede og læring

Presentasjon av barnehagen

Slåtebakkane barnehage opna i januar 1989 og blei totalrenovert i 2016. Uteområdet har vore ein prioritert sak i Samarbeidsutvalet. Dei siste åra har det vore eit tett samarbeid mellom styrar, personale og føresette. Målet med samarbeidet har vore å leggje gode planar for å få utnytta området og å utbetre moglegheitene for allsidig aktivitet.



- Samarbeidsutvalet har tatt initiativ og engasjert føresette til dugnad. Dei har gjort fleire ulike tiltak for å utarbeide uteområdet, i tillegg til diverse vedlikehald.
- Sjølv om uteområdet treng utbetring, opplev vi at området gir svært gode motoriske utfordringar for alle barna og innbyr til allsidig leik. Vi har eit variert og ulendt terreng som gir rom for mykje utforsking, leik og meistring. Vi ser at uteområdet vårt har eit stort potensiale, og vi gler oss til eit vidare samarbeid med dei føresette.

Om barnehagen

Slåtebakkane barnehage er ein kommunal barnehage med inntil 36 barn, fordelt på 3 avdelingar. Kor mange barn vi har til kvar tid, kan variere ut i frå alder på barna og etterspurnad etter barnehageplass, men vi tek utgangspunkt i følgjande fordeling:

- Askeladden har plass til 18 barn i alderen 3-5 år
- Smørbukken har plass til 9 barn i alderen 1-2 år
- Tommeliten har plass til 9 barn i alderen 1-2 år

Nærmiljø

Vi held til sentralt i eit byggjefelt i Slåtebakkane, med gangavstand til gode naturområde og varierte leikeplassar som vi nyttar mykje. I samarbeid med Slåtebakkane grannelag og foreldregruppa har vi utarbeida eit område i skogen som har fått namnet «Hundremeterskogen». Dette området ligg fint til rette for allsidig leik og utforsking, og er ein stad barna får leike og lære i og av naturen.



Barnehagen sitt verdigrunnlag

Alle barnehagar skal ifølgje Rammeplanen byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og i internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, som FN-konvensjonen, barnekonvensjonen og ILO-konvensjonen (om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar).

Verdigrunnlaga er:

- Barn og barndom
- Demokrati
- Mangfald og gjensidig respekt
- Likestilling og likeverd
- Berekraftig utvikling
- Livsmestring og helse



I følgje rammeplanen er samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.



Barnehagen er det første ledd i utdanningssystemet, men samstundes ein morosam, trygg og spennande stad kor alle kan leike og lære i eit miljø som er tilpassa alder, kjønn, bakgrunn og funksjonsevne.



Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

Fagområda frå rammeplanen til barnehage



Satsingsområda til barnehagen er Natur og miljø og Inkluderande barnehagemiljø. Fagområda ligg til grunn for alt arbeidet vi gjer i barnehagen, og blir knytt opp til satsingsområda og dei ulike månadstema vi tek utgangspunkt i.

Natur og miljø

Barnehagen er sertifisert som «Grønt flagg» barnehage. Natur og miljø går som en rød tråd gjennom våre planar og årshjul.

Inkluderande barnehagemiljø

I Sunnfjordbarnehagane skal alle barn oppleve eit trygt og godt leike- og læringsmiljø. Eit leike- og læringsmiljø som fremjar helse, trivsel, tryggleik og læring.



Medverknad

Barn

Det går fram av Rammeplan for barnehage at barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda til barnehagen.

Barnehagen skal vere medviten om dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna. Ein skal vektleggja synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Foreldresamarbeid

Det er føresette som har ansvaret for barnet si danning. Det går fram av Barnehagelova at barnehagen i samarbeid med føresette skal ivareta barnets behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Det daglege samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal byggje på gjensidig openheit og respekt. Personalet må respektere føresette sin kunnskap om barnet og vise interesse for korleis barnet har det heime. Personalet bør kommunisere med eit språk som dei føresette er fortruleg med.

Foreldresamarbeid i Slåttebakkane barnehage startar når barnet har fått tildelt plass i barnehagen. For å leggje til rette for ein god overgang frå heim til barnehage, har vi valt å invitere nye føresette til eit møte der vi presenterer barnehagen. Dei får også tilbod om oppstartssamtale like etter barnehagestart. I tillegg har vi foreldremøte for alle føresette på hausten og alle får tilbod om samtale to gonger i barnehageåret, ein obligatorisk og ein valfri.

Samarbeidsutvalet (SU) skal sikre samarbeidet mellom barnehagen og heimen. I samarbeidsutvalet møtes foreldra, tilsette og styrar, og drøfter og diskuterer saker som påverkar barnehagekvardagen for barna. Utvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Det skal bestå av like mange føresette og tilsette, i tillegg til styrar og politisk representant frå kommunen.

Foreldrerepresentantar til SU er valt av Foreldrerådet på foreldremøte om hausten. Foreldrerådet består av alle foreldra i barnehagen.

Tidleg innsats

Tidleg innsats handlar om å fange opp dei barna som treng litt ekstra støtte, så tidleg som mogleg. Med tidleg innsats kan vi førebygge skeivutvikling, sosiale vanskar og lærevarskar, som kan føre til fråfall i skulen og å hamne utanfor arbeidslivet.

Overgangar

Når barnet startar i barnehagen

Å begynne i barnehagen er ei stor omvelting i barnet sitt liv. Det første året i barnehagen er læringskurva bratt. Barnet skal lære seg å høyre til både heime og i barnehagen, samt fungere i ei gruppe, og ikkje minst lære å vere vekke frå foreldra sine i fleire timar om dagen. Hos oss i Slåttebakkane barnehage har vi fokus på å skape gode relasjonar med barnet og leggje eit godt grunnlag for at barnet ditt får god tillit til oss. Vi fordeler barna som skal på tilvenning utover ein periode, slik at vi har moglegheit til å skape ein trygg start for kvart enkelt barn. Kvart barn har også sin eigen primærkontakt, som vil følgje barnet tett den første tida.

Det er viktig at vi kan ha fullt fokus på kvart enkelt barn og foreldre under tilvenning, og vi ber difor om forståing for at ikkje alle kan starte på same tid. Vi har også ei barnegruppe frå før av, som også skal bli ivaretatt og få bli kjent med dei nye barna i barnehagen. Det viktigaste vi arbeidar med er tryggleik og nære relasjonar. Rutinar gir tryggleik. Måltid, legging og bleieskift er ein viktig del av vårt pedagogiske arbeid. For at barna skal få oppleve barnehagen som ein trygg base, handlar det mellom anna om at kvardagen må vere forutsigbar for barna og at ei trygg tilknytning til personalet i barnehagen kjem først.

Overgangar i barnehagen

Minst ein gong i løpet av barnehagetida, må barnet byte avdeling. Grunnen til dette er at vi har aldersdelte avdelingar. Tilvenninga skjer gradvis i løpet av vår/ sommar slik at overgangen skal vere trygg for barnet. Gjennom året har vi også stort fokus på samarbeid mellom avdelingane, slik at heile personalet blir kjent med alle barna og at overgangen frå ei avdeling til ei anna, blir betre for barna.

Overgang mellom barnehage og skule

Siste året barnet går i barnehagen, startar formelt samarbeid mellom barnehage og skule der vi følgjer kommunen sine overordna planar for samarbeidet. Vi har både formelt og uformelt samarbeid med skulen i vår skulekrets, Flatene skule.

Det uformelle samarbeidet handlar om å besøke skuleområdet, medan det formelle samarbeidet gjeld invitasjonar til samlingar og liknande.

Kvifor samarbeid barnehage – skule – heim?

- Samarbeid om overgangen frå barnehage til skule er forankra i lovverka, Rammeplan for barnehagen og Kunnskapsløftet.
- Det einiskilde barnet sin kompetanse frå heim og barnehage skal vidareførast til skulen for å sikre positiv utvikling hos barnet – til dømes; språk, leik og samspel med andre.
- Å leggje til rette for livslang læring har som føresetnad at barnehage og skule kjenner kvarandre sine kulturar.
- Foreldra skal være trygge på at sitt barn blir ivareteke ved overgangen barnehage-skule.

Overgang som eit kulturelt utviklingsprosjekt

Som ny storkommune har Sunnfjord kommune mange skular og barnehagar. Barna går ikkje nødvendigvis i den skulen dei soknar til så tanken med å starte prosjektet var at kulturarven vår skulle vere eit felles objekt som kan hjelpe barna med overgangen frå barnehage til skule.

Overgangsobjekt er eit symbol som vekker positive kjensler og kan trygge barna i slike situasjonar. Frode laks blei valt som eit overgangsobjekt i samarbeid med representantar frå skule, barnehage, SFO, kulturskule og bibliotek.



Meir informasjon om prosjektet kan du lese på kommunen si heimesida.

Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

Vi er en liten barnehage og difor er det å samarbeide på tvers av avdelingane, heilt naturleg. Når vi deler ei aldersgruppe på 2 avdelingar, blir det til dømes etablerte samarbeidsgrupper på tvers av dei to avdelingane. Dei to småbarnsavdelingane har og eit samarbeid om planar og aktivitetar, og har regelmessige felles samlingar seg i mellom.

Når vi har felles hendingar i barnehagen, har vi valt å skjerme dei minste barna i alle fall det første halvåret. Det er mange inntrykk samtidig for eit lite barn, med både mange barn og vaksne, som kan være litt overveldande for dei minste. Vi venter med store felles samlingar, til barna er blitt tryggare og får betre utbyte av slike aktivitetar.

Samarbeid med eksterne instansar

PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste)

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barnas behov og forutsetningar, også når barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Dersom barnehagen, helsestasjonen eller andre vurderer at barnet kan ha behov for spesialpedagogisk hjelp, må det hentas inn samtykke frå foreldrene for at PPT kan gjøre en sakkyndig vurdering.

PPT i Sunnfjord kommune sine oppgåver:

- Pedagogisk og psykologisk utgreiing
- Individuell oppfølging av barn og unge
- Rådgiving til foreldre/ føresette
- Samarbeide med barnehagar og skular
- Rettleiing til tilsette i barnehagar og skular

Helsestasjon

Helsestasjonen er et kommunalt helsetilbod for alle barn og foreldre, frå dei er født til de begynner på skolen. Foreldra kan ta kontakt eller møte opp på helsestasjonen også utanom faste avtaler.

Helsestasjonen samarbeider med blant annet fastlegar, psykologar, tilsette i barnehagen, barnevernet, koordinerande team, familieterapeutar og pedagogisk-psykologisk tenesta (PPT) når barnets behov tilseier det.

Samarbeid med andre instansar

- Flatene skule og andre skular - etter behov
- Fysio- og ergoterapitenesta - etter behov
- HABU (Habilitering for barn og unge) - etter behov
- OKOS (Opplæringskontoret) – organisering av læringar
- Høgskulen på Vestlandet – i samband med div. utviklingsprosjekta og organisering av praksisstudentar
- Vidaregåande skule – organisering av utplasseringslevar
- Terapi bassenget - organisering og symjetrening for førskulegruppa
- Brannstasjonen – barnehagebesøk i Brannvernveka med Bjørnis
- Nok senteret (kompetansesenter mot seksuelle overgrep) - kompetanseheving



Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Hovedformålet med det er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Personalet reflekterer jamleg over eiga praksis i større og mindre grupper. Refleksjonane gir grunnlag for vidare planlegging og gjennomføring av planar og tiltak.

Hendingar og markeringar i barnehagen

Vinter 	• Vi markerer Luciadagen • Julefest med nissegraut – raudt tema • Markering av samisk nasjonaldag • Karneval
Vår 	• Barnehagedagen • Foreldresamtaler • Nasjonaldag med eiga fane i barnetoget • Avslutningstur med 6 åringane
Sommar 	• Vi markerer #Grønnsuperdag • Foreldremøte med nye foreldra • Sommaravslutning/ sommarfest • Sjørøvarfest
Haust 	• Brannvernveka • Foreldresamtaler og foreldremøte • Refleksdagen • Foreldrekaffi – Forut innsamlingsaksjon i samband med FN's internasjonale barnedag

